

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 6. søndag i treeiningstida/Aposteldagen – 05. juli 2015

Preiketekst: Matt 16, 13-20

Lesetekst I: Jer 1, 4-10

Lesetekst II: Apg 20, 24-32

## Kyrkje bygd på fjell

Kvitsunnhelga ligg nokre veker bak. St. Hans er også passert, og sommarsolverv det same. Dermed går me strengt tatt mot mørkare tider! Det har snudd, faktisk. Men det tenkjer me ikkje på, for no er det juli, ferietid, sol og sommar. Og ei tid rik på kristne leirar og stemne!

I kyrkjeåret er me komne til sjette søndag i treeiningstida. Denne dagen er også kalla Aposteldagen. Ein apostel er ein utsending med ei særskilt fullmakt. Og det er då også nokre av dei store sendeboda i Bibelen me møter i tekstane denne julisundagen; Jeremia, Paulus, Peter – og Jesus sjølv. Frå 300-talet vart 29. juni markert som Peter og Paulus sin dag. Seinare vart dette delt på to dagar. Aposteldagen no ligg jo også nær denne dato.

### Kven Jesus er

Men dagen skal ikkje berre nyttast til å tenkja bakover, enn så takksame me er for pionerane, profetane og apostlane, som fekk ta imot Bibelen. No er me i 2015. Jesus er frelsar og den salva Messias for Guds eige folk, og for oss, den dag i dag. Ser me på han som det? Eller ser me på han som ein vismann, ein stor profet, ein historisk interessant person, kanskje den første opprørar, kommunist, eit godt medmenneske, ein filantrop, morallærar? Ja, lista kunne gjerast lang om ein skulle teke med alle slags syn og tankar på kven Jesus var – og er!

Men kva seier de? Slik spør Jesus læresveinane; ein flokk ungdomar kalla ut frå hans eige folk. Og kva seier me – her hjå oss, du, eg? Korleis ser me på Jesus for vår eigen personlege del? Og kva seier me om han til andre? Eller – seier me noko om Jesus til andre i det heile teke? Me les kva Peter fekk frimot til å svara. Er me like djerve? Ser me kven han er like klårt?

### Jesus i grenseland

Samtalen mellom Jesus og læresveinane foregår i eller nær Cæsarea Filippi; altså heilt nord i landet (relatert til den utstrekning Israel har i dag), når foten av Hermon. Jesus var i det me kan kalla grenseland; ikkje primært med tanke på grenser til andre statar og nasjonar. Men i eller nær dei områda der heidningane budde. Også i Matt 15,21ff les me at Jesus er nær eller utanfor denne "grensa". Det er då han seier at han ikkje er komen for andre enn dei bortkomne sauene i Israelsfolket (Matt 15,24). Likevel opnar han opp døra og let kvinna han møtte, få del i frelsesgodene; ho som var ein heidning.

Når Peter – som var ein jøde – så frimodig seier at Jesus er Messias, er det eit særdeles viktig utsegn. Messias er hebraisk og tyder salva; eller: Den som er salva. På gresk heiter det same Kristus. Ytre sett var salving det å hella olje over hovudet på einkvan; ein konge, ein prest, ein profet, eller andre, ei slags innviingshandling. Dette les me om fleire stader i Det gamle testamente.

## **Messianske jødar**

Når jødar i dag, både i Israel og elles i verda, som trur på Jesus som sin personlege frelsar, kallar seg for messianske, går dette uttrykket heilt tilbake hit. Dei vil høyra til Messias, og kallast med hans namn. At mange av dei synest omgrepet kristen er vanskeleg, er elles ikkje vanskeleg å forstå; særleg avdi den kristne kyrkja gjennom mange hundreår har fare svært hardhendt fram overfor det jødiske folket. Men ordet kristen kjem jo av Kristus. Det tyder det same, berre på gresk. Men mange truande som har bore dette namnet gjennom mange hundreår, har ført skam over ordet. Må det ikkje vera slik med oss!

I det heile skal me aldri gløyma at heile Bibelen er ei jødisk bok. Patriarkane, profetane, kongane i den gamle tida, og læresveinane og apostlane i den nye tida, var alle jødar, som Jesus sjølv. Og frelsesbodskapen er eit gode som er deira først og fremst. Men me andre har fått del i desse godene, ved at me har fått høyra den same glade bodskapen og vorte delaktige i velsigninga. Far i himmelen har openberra det også for oss.

Jesus ville byggja si kyrkje på Peter si utsegn. Naturlegvis då ei kyrkje der Jesus-truande jødar hadde ein sjølvskriven plass! Slik har det ikkje gått, veit me. Men no veks flokken av jødar som trur at Jesus er deira frelsar og Messias.

## **På solid grunn**

Kva Jesus heilt konkret meiner når han seier at ”på dette vil eg byggja mi kyrkje”, veit me ikkje. Fleire tolkingar er moglege: Sjølv personen Peter (slik ein langt på veg tenkjer innan katolsk teologi). Eller Peter som representant for dei tolv; at apostlane er fundamentet. Eller Peter si djerve ytring eller vedkjenning. Eller noko frå kvar av desse tankane? Klippen, eller berget/fjellet, kan gå på både Peter og Jesus sjølv.

Solid skal det vera, i alle fall, for dødsrikekreftene skal ikkje få makt over denne kyrkja! Det er jo ein svimlande tanke; særleg når me synest å sjå at me vert kraftig svekka som kyrkje og kristent land, her i Noreg og vesten elles. Men samstundes ser me at kyrkja veks mange andre stader, både mellom det jødiske folket, som nemnt, og mellom mange heidningefolk, i sør og aust.

## **Taleforbodet er oppheva**

No kan me også gle oss over at taleforbodet for lengst er oppheva. Jesus var streng med læresveinane for ei tid, for tida hans var ikkje komen. Etter samtalen med Peter og læresveinane ved Cæsarea Filippi, gjorde Jesus det klart at vegen hans var ein lidingsveg (16,21 ff). Men tida kom, og misjonsordren kom, etter lidinga, krossen, døden og oppstoda og før himmelfarten: Gå og fortel, sa Jesus. Start i Jerusalem, vidare til Judea, Samaria, og til verda sine endar. Forkynn, undervis, døyp og lær dei å halda. Og sjå, eg er med dykk alle dagar.

## **Paul Odland**

Misjonssekretær i Israelsmisjonen, Stavanger krins. Medlem av Landsstyret i DNI, repr for dei tilsette.

[stavanger@israelsmisjonen.no](mailto:stavanger@israelsmisjonen.no)